

# ARVID VILLANGER

**Mobilnummer**      **E-postadresse**  
916 61 283            t.fl@live.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 03173

<b>Vedtaksdato</b>	<b>Vedtaket er gjort av</b>	<b>Søknadsdato</b>	<b>Vår referanse</b>
05.08.2021	Alver kommune	25.06.2021	Agros 159101

## Vedtak om avslag på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Sanering av miljøfarleg driftsbygning

---

### Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å avslå søknaden.

---

Alver kommune viser til søknad av 25.06.2021.

### Bakgrunn i saka

ARVID VILLANGER søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 25.06.2021. Du søker om totalt 74 520 kroner i tilskot for tiltak perioden 28.06.2021-25.10.2021. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 102 520 kroner.

Søker ønskjer å fjerna miljøfarleg bølgeetanitt (asbest) og sanera driftsbygning

Driftsbygningen på garden er i ferd med å gå tilbake til naturen og søker meiner at den utgjer ei alvorleg fare for miljøet. Veggene på vestsida av låa er borte og taket med miljøfarlege bølgeetanitt er knekt og delvis nede. Nokre plater har alt ramla ned og resten heng knapt i ein spikar. Bygningen er livsfarleg for dyr og menneske. Det er hol i tak, gulv og vegger. Den eine veggene er vekke, og bølgeblikk fyk av taket i kvar storm. Bølgeetanitt inneheld asbest og er spesialanfall

### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Me synar til søknad om sanering av driftsbygning

Sakshandsamar har etter ei samla vurdering kome frem til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i tråd med SMIL-ordninga sitt føremål jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket og tiltaket er ikkje prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Kommunen synes det er positivt at søker ønskjer å rydda opp og sanere farleg avfall.

Det blir ikkje løyvd midlar gjennom SMIL-ordninga mellom anna fordi dette ikkje er forureining knytta til landbruksdrift, men forureining frå bygningsmasse

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Maya Greve

Godkjend av: Laila Bjørge